



Årets Turist. For ei tid sidan vart lesarane utfordra til å melde frå dersom dei visste om nokon som kunne ”matche” fem utanlandsturar med besøk i ti ulike land. Ettersom ingen respons om saka er motteken, vert med dette Per Gunnar Holmberg kåra til Årets Turist i Velledalen i 2007. ”DiS” gratulerer, og det bør andre også gjere!

Nytt skjema. Jokerbutikken hadde i 2007 eit omsetningsbudsjett på 4 300 000, og kom i mål ca. 130 000 kroner over dette. No har leiar i Velledalen i Balanse, Petter Velle, henta fram eit tøffare skjema frå innerlomma. Det lyder på 4 660 000.

Januar er ikkje slutt, men Olga Sørensen ved Jokerbutikken meiner ho vil få flat hand av sekundanten på vekslingssida – altså mykje godt likt med skjemaet. Elles lokkar ho med ferske, heimelaga løfser til vinterferien. Merk den!

Brøvollshjorten vandrar vidare. I det siste har den lagt sin elsk på hagen til Bjørg Sørensen. Tidlegare har den vore innom dei fleste hagane i øvre del av Brøvoll, truleg ventar den på festivalen. Sjølv om den både er tam og edru, skal det vel harde hardt om den slepp inn der. Frå Brøvollsgjerdet vert det i alle fall meldt om frykt for ein dårleg frukthaustr.

Fotball på vent. VRF sitt medlemsmøte om oppstart av seniorlag i 6. divisjon vart prega av delte meiningar og stort engasjement. Spelargruppa som ville starte opp, fann ikkje støtte mellom medlemmane god nok, og har slege frå seg tanken i denne omgang.

I etterkant hadde ”DiS” ei meiningmåling ved Jokerbutikken om same emne. Trøysta for spelarane må vere at her vart det eit overveldande fleirtal FOR oppstart av lag.

Oppdatert. Hugs heimesida www.velledalen.net. Her får du informasjon om ulike arrangement, med linkar til idrettslag og grendahus. I vinterferien kan du få ein flott ”mix” om ein møter på Svingfoten (9.februar), Den Store Sildedagen (14.feb) og Hjortefesten (16.feb.)

Storhende på Velle. Nærare bestemt i Toregarden. Der tippar vi acrylmåleria flyg unna som turt lauv i synnavind når kunstnaren Oddny Løseth Velle opnar dørene i helga. Har det ikkje vore trangt om saligheita på Velle før, vert det det laurdag 2. og søndag 3. februar. Ope hus med salsutstilling attpå, det er definitivt ikkje kvardagskost i Velledalen.

Opningstider: 13.00-19.00 begge dagar

Audition heiter det visst på fint. Det **KAN** det òg bli på Velle i helga. Oddny Løseth Velle nemner at Velledalskoret framleis treng djupe mannsrøyster, og det vert høve til å teste stemma under salsutstillinga, om nokon måtte ynskje det.

Det vert meldt om lave opptakskrav.

Årsmøtetid. Velledalen IL har nyleg avvikla årsmøte. Eit roleg og stabilt årsmøte der dei fleste tok attval. Fylgjande personar sit i det nye hovudstyret: Anita L. Hole, Elisabeth Urke Hjorthol, Ove Inge Skylstad, Geir Helge Grebstad og Atle Hole. Vara: Linn Tove Akselvoll, Mette Ulvestad og Marit Hole.

Karane slit. Damene har hatt sin programkveld, og no ventar dei med lengsel og smerte på velledalskarane sitt føreståande scenestunt. – Vi jobbar med saka, planen var at det skulle bli 16.mars (palmesundag), men no meiner gamlekarane at dette vert for kort frist, så dei har antyda 17.mai. Det er vi ungdommen redd vert for nær Brøvollsfestivalen (siste helga i juni), seier ein frittalande Bastian Skogvold til ”Dis”. Aner vi ein generasjonskonflikt her...?

This document was created with Win2PDF available at <http://www.win2pdf.com>.
The unregistered version of Win2PDF is for evaluation or non-commercial use only.
This page will not be added after purchasing Win2PDF.